

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i fastetida – 28.februar 2016

Preiketekst: Luk 22,28-34

Lesetekst I: Sak 3,1-5

Lesetekst II: 2 Kor 12,7-10

Kamp og siger i livet med Kristus

3.søndag i fastetida

Frå eldste kristne tid var fastetida tid for dåpsførebuing, og tekster og tema var prega av dette. Det inneber sjølv sagt også at dei har fokus på ulike sider ved det kristne livet som ventar den døypte. 3.søndag i fastetida bar namnet 'Okuli' = 'auge' (fleirtal) – Sal 25,15: 'Mine auge er alltid vende mot Herren.' Det handlar om å sjå – om kva som er viktig å sjå, og då serleg å sjå at evangeliet og trua har ein sterk motstandar, men endå meir å sjå Jesus Kristus som er den sterkaste som har sigra over motstandaren. I 'Dagens bøn' bed vi: 'Allmechtige Gud, du vinn over vondskapen. Vi bed deg: Vern oss mot det vonde, og set oss fri, så vi kan leva som born av lyset, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre'.

Avskilsord

Dette sender oss rett inn i teksta for denne dagen, med fokus på ei av dei sterkaste foltellingane om nederlag og oppreising: Peters forneking av Jesus.

Vi er ved avslutninga av Jesu siste måltid med læresveinane. Før dei bryt opp og går mot Getsemane, har Jesus nokre avskilsord til dei. Som del av dette har Jesus fire 'meldingar' som går direkte til Peter: - Meldinga at Satan hadde kravd å få setja alle læresveinane si tru og truskap på prøve. - At Peter sjølv same natta kom til å nekta for å kjenna Jesus. - At Jesus sjølv hadde gått i forbøn for dei. - At Peter – når han 'ein gong vender om' – får i oppdrag å styrke brørne.

Forbøn for dei truande

Det er ikkje mange gonger vi høyrer om Jesu bøn for dei truande. I 1 Joh 2,1 skriv Johannes at Jesus Kristus er vår talsmann hos Far, om vi skulle falle i synd. Svært nær dette perspektivet står Paulus sine ord i Rom 8,34 når han, mot tanken på at noko kan fordømme oss, viser til at Kristus Jesus som døydde for oss, lever ved Guds høgre hand og går i forbøn for oss. Men forbøna gjeld ikkje berre det som kan fordømme oss, og det er ikkje berre Jesus sjølv som er vår forbedar. I same avsnitt i Rom 8 skriv Paulus at også Anden kjem oss til hjelp i vår maktløyse og går i forbøn for oss med bøn som er forma av Guds eigen vilje (v 26f.). Dette er altså ei forbønsteneste som Jesus starta alt før sin død. Han ser at læresveinane blir utsette for sterke angrep på tru og truskap, og bed om at trua deira ikkje må svikte. Dette er perspektiv det må vere godt for mange å få høyre også i dag.

Trusprøve

Det er Peter Jesus spesielt vender seg til ved orda om forbøn, og Jesus knyter det spesielt til varselet om fornekinga. Men i orda like framfor seier Jesus at det var ikkje berre Peter Satan

ynskte å utfordre – utfordringa gjeld dei alle. Kanskje Judas også var med i dette perspektivet. Lukas nemner ikkje konkret om Judas forlet dei før eller etter desse orda. Dei andre ti svikta rett nok ikkje Jesus like direkte som Peter – eller Judas. Men vi høyrer om dei alle at dei flykta då Jesus vart gripen. Det fortel også om ei tru som er på vikande front. Men – er det heile svaret på korleis Satan ville sikte trua deira?

Kven er størst?

Tekstavsnittet vårt tek eigentleg til litt før det som er teke ut som tekst for denne dagen, og startar med v 24. Der fortel Lukas at ved avslutninga av måltidet braut der ut ein strid mellom læresveinane om kven av dei som skulle reknast som den største. Jesus grip inn i diskusjonen og viser dei til rette ved å minne dei på at den som vil vere leiar, må vere tenar for dei andre, liksom han sjølv er tenar for dei alle. Og eg har undra meg og tenkt: Er det naturleg at desse orda berre 'heng i lufta' for seg sjølv? Eller er der ein samanheng mellom dette og det som kjem etter? Mellom ønsket om å vere den største, og Satan sitt ønske om bringe dei til fall?

Kva var det som trua deira tru og truskap?

Bodskapen om å vere tenar for dei andre – at den minste er den største – står svært sentralt i Jesu forkynning. Den naturlege trongen vi har til ønske å styre, herske, råde, er ikkje berre eit minus i livet som Jesu læresvein. Det står i skarp kontrast og er ein trussel mot sjølv evangeliet om eit fellesskap bygd på nåde og miskunn. Var det dette Satan prøvde å bryte opp og nytte som brekkstang mot tru og truskap? Det ville i tilfelle vere ein brekkstang som fekk ekstra kraft av det store nederlaget kort tid etter, og ein god grunn til å seie til Peter: '... når du ein gong vender om ...' Og kanskje vart Jesu ord om kven og kva som eigentleg er størst, viktig å ha med nettopp då.

Domarar i Guds rike

Men avskilsorda til læresveinane er ikkje berre ord med tilrettevising og åtvaring. Midt mellom desse avsnitta som røper sviktande læresveinkarakter, og før han går siste stykke veg til fullendinga av sitt oppdrag, kjem orda der Jesus overgjev 'riket' til læresveinane. Gjennom heile Jesu teneste har han gjort det klårt at målet hans er å føre menneske inn i Guds rike. Måten Jesus omtaler dette riket på, viser at han med det meiner eit heilt nytt tilvære som skal kome – ein stad som heilt og fullt er underlagt og forma av Guds herrevelde – eit rike menneske kan gå inn i, eller late vere. Eit rike som mange stader er omtala som eit festmåltid og der Jesus teiknar seg sjølv som Herren som tener gjestene (Luk 12,37).

Dette riket har Jesus fått overgjeve av sin Far. Det må vere å forstå som at han har fått råderetten for dette riket. På same måte seier Jesus at han gjev riket vidare til læresveinane. Det må bety at dei både får tilgang til riket, og dei blir innlemma i styringsoppgåva. Jesus seier at dei skal 'eta og drikka ved mitt bord i mitt rike og sitja på troner og dømme dei tolv Israel-stammene'.

Å dømme kan bety anten at dei skal dømme i form av godkjenne / ikkje godkjenne, eller dei skal som domarane i Israel sin tidlege historie – før kongedømmet var innført – ha leiaroppgåver i det nye Gudsriket. Det er nærliggjande å tenke at det er det siste Jesus meiner. Det er eit bilete som passer inn i samanhengen: Domarane var ikkje herskarar, dei var tenarar som leia folket på vegne av Herren.

Tolv israelsstammar, tolv læresveinar

Det er vanskeleg å seie nøyaktig kva Jesus har meint med å seie at det er dei tolv israelsstammene læresveinane skal sitje på troner og dømme. På Jesu tid var Israel ikkje eit tolvstammerrike. Ti av dei tolv stammene som inntok landet under leiing av Josva, vart borte etter at landområda i nord vart hærteke av Assyria på 700-talet f.Kr. På Jesu tid var Israel i første rekke eit judeisk rike som omfatta Juda-landet i sør, rundt Jerusalem, og Galilea i nord.

Jesu val av uttrykksmåte må då ha ei djupare mening. Først viser det at Jesu val av tolv læresveinar ikkje er tilfeldig. Der er ein samanheng til at israelsfolket i starten var delt i tolv stammar. Det må også vise at Gud ikkje har gløymt den delen av folket som tilsynelatande er borte.

Men først og fremst viser det kva som er grunnlaget for det sanne og framtidige gudsfolket og gudsriket.

Siger ved truskap mot Jesus

Ramma som orda om riket står i viser at læresveinane sin plass i dette riket ikkje bygger på deira egne kvalitetar. Jesus seier tydeleg kva som er grunnlaget: 'De er dei som har halde ut hos meg i prøvingane mine.' Mange forlet Jesus, mange etter først å ha vist begeistring. Kanskje mange forlet han nettopp fordi han ikkje viste seg som den maktfulle, men som den tenande, audmjuke. Det kan også ha vore noko av dei 'prøvingane' han viser til at han har hatt – at menneske ikkje aksepterte den audmjuke. Men nokre har halde ut. Mellom desse er dei tolv. Og dette er einaste grunnlag for at dei får både open tilgang til, og tenar-/leiaroppgåver, ved det store festbordet i gudsriket. Det er med andre ord Jesus som er sjølve grunnlaget, ikkje dei sjølv. Det einaste dei har gjort, er å halde fast ved Jesus.

Dette gjeld ikkje berre for læresveinane. Det sanne gudsriket er eit rike som heilt og fullt har sin grunn i truskap mot Jesus. Det gjeld for det gamle tolv-stamme-riket, og det gjeld for alle andre som i kraft av truskap mot Jesus får tilgang til det.

Auge som ser

Utfordringa denne søndagen må vere at vi får hjelp til å sjå – sjå kva som kan true det sanne livet med Jesus Kristus, og hjelp til å sjå kva som sigrar. Jesu avskilsord er sterke påminningar om korleis vår motstandar kan nytte vår sjølvhevdning og ynskje om posisjonar til å bryte ned det sanne livet og truskapen mot evangeliet. Men først og fremst viser Jesus oss at livet og framtida i Guds rike er knytt til trua og truskapen mot han som sto fram som tenar og ga livet for oss. Han tek oss inn i fellesskap med seg ved nåde og miskunn, og på same vis bed han oss om å leve i tenande fellesskap med kvarandre i omsorg og respekt.

Knut Fredrik Sørheim

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krinsstyrelar for Bergen krins av DNI.

knutforsheim@gmail.com